

Velkommen til skulestart 21. august!

Me tilsette gler oss no veldig til å møte deg om litt over ei veke. Saman skal me lage eit supert folkehøgskuleår, men for å gjera deg best mogleg førebudd får du no litt informasjon om

- Oppstartsdagen
- Koronatiltak før skulestart
- Dei to første vekene
- Resten av skuleåret
- Økonomi

Oppstartsdagen

Alle får tidspunkt for innsjekk i puljer og det er viktig at ein ikkje kjem til skuleområdet før ein skal. Dersom nokon treng å gjera spesielle avtalar ber me om å ta kontakt med skulen på 56 52 90 40. Vertar med gul vest vil vise veg til parkeringsplass og gje oppdatert informasjon og minne om smittevern. Bruk gjerne munnbind når dere følger inn på internatet. Det vil bli servert kaffe og noe attåt i Eskelandsparken.

| | |
|---------------|-------------------------------------------------------------|
| 11.00 – 13.00 | Data & Friluftsliv Ekstremsport Elv Ekstremsport Luft |
| 13.00 – 15.00 | Film & Foto Idrett & Friluftsliv |
| 15.00 – 17.00 | Jazz Lyd- og Musikkproduksjon Data |

Informasjonsmøte for foresatte

Det vil bli informasjonsmøte for foresatte i Olavsalen til følgende tider:

13.00 Foresatte til Data & Friluftsliv, Ekstremsport Elv og Ekstremsport Luft

15.00 Foresatte til Film & Foto, Idrett & Friluftsliv

17.00 Foresatte til Jazz, Lyd- og Musikkproduksjon og Data

Vi ønsker alle velkommen, men grunnet smittevern hensyn kan det bli ønskeleg at kun en person frå hver familie deltar.



Felles opning av skuleåret for elevane

Me har felles opning utandørs kl 18.00 og påfølgjande «bli kjent»-aktivitetar. Det vert servert litt mat og drikke ute på tunet på formiddagen. Etter opninga vert det middag og aktivitetar i puljer og informasjon om neste dag. Klokka 23 er det ro på internatet.

Koronatiltak før skulestart

Vi er fortsett i ein pandemi, og det viktigaste tiltaket du kan gjera før skulestart er å redusere risikoen for å bli smitta! Det betyr at du må følge råd og reglar i samfunnet. Avstand til andre er det viktigaste rådet me har fått. Dessutan er ikkje alt som er lov nødvendigvis lurt: Unngå folkemengder og ver gjerne ekstra streng med deg sjølv no siste tida. Me kan ikkje pålegge deg karantene, men du kan velge å ta ein ekstra innsats for sikkerheits skuld.

Dersom du er i karantene eller ikkje er frisk må du vente med å komme til skulen. Det går heilt fint å komme seinare, du er like velkomen for det! Kontakt oss om du er usikker på kva du skal gjere.

Mange av dykk er allereie i eit vaksineprogram. Dere kan kontakte Voss Herad for å få vaksine nummer to, registrer interesse via denne linken;

<https://voss.herad.no/samleside-om-korona/vaksine/>

Økonomi

Alle har betalingsfrist for linjekostnaden 15. august (går ikkje på avtalegiro, må betalast manuelt). Har du ikkje motteke faktura må du ta kontakt med arvid@voss.fhs.no eller pr telefon. Arvid vert svært glad for alle som teiknar avtalegiro – det forenkler arbeidet vårt! Dersom du ikkje har gjort det bør du òg søke lanekassen.no så snart råd er.

Då er det berre å ønske lykke til med dei siste førebuingane – velkomen til oss på vene Voss! Vi gler oss til å møte dykk!

**Beste helsing alle oss tilsette ved
Voss folkehøgskule 😊**

Siren

Øyan Kulbeck

Konstituert Rektor